



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Andreas Stenersen, 5557 2056

Vår dato
04.04.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/4615
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Spørjeundersøking om bruk av ferdigheitsprøve/kartleggingsprøve i symjing

Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag fra Kunnskapsdepartementet om å innhente informasjon om korleis skuleeigar nyttar seg av ferdigheitsprøve/kartleggingsprøve i symjing i løpet av 1. – 4. årstrinn.

Den frivillige prøva vert obligatorisk frå neste år

Skuleåret 2016/2017 vart det innført ei frivillig ferdigheitsprøve i symjing. Denne prøva vert frå skuleåret 2017/2018 gjort obligatorisk. Prøva består av kartleggingsøvingar og kan gjennomførast som ein del av undervisninga og omhandlar kompetansemåla for dugleik i symjing. Saman med kompetansemåla er ferdigheitsprøvene/kartleggingsprøvene meint å vere utgangspunkt for eigenvurdering og til å kartlegge og vurdere eleven sitt utbytte av symjeopplæringa. Ferdigheits- og kartleggingsprøvene angir ein stegvis progresjon frå tilvenning i vatnet til symjedyktig, og er utgangspunkt for rapportering til skuleleiar og skuleeigar om status for elevane sine dugleikar i symjing.

Vi ber skuleeigar å svare på spørjeundersøkinga innan 9. mai 2017

Fylkesmannen i Hordaland, Hedmark og Troms har fått i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet å innhente informasjon frå kommunane i sine respektive fylke om korleis skuleeigar har nytta desse prøvene.

Fylkesmannen i Hordaland ber skuleeigar om å nytte lenkja til det elektroniske spørjeskjemaet som er vedlagt. Rapporteringa handlar både om i kva grad ferdigheitsprøvene er tatt i bruk og korleis skuleeigar brukar desse i symjeopplæringa. Formålet med rapporteringa er å samanfatte erfaringar om bruk av ferdigheitsprøvene, og resultata vil bli brukt i det vidare arbeidet med å gjere ferdigheitsprøva i symjing obligatorisk.

Frist for tilbakemelding er tysdag 9. mai 2017. Vi vil med bakgrunn i dei svara vi får samanfatte ei oppsummering til Utdanningsdirektoratet.

Lenkje til spørjeundersøkinga: <https://hoering.udir.no/Hoering/124>

Ved utfylling av spørjeskjemaet kan ein vere merksam på følgjande punkt:

- Svara i spørjeskjemaet vert lagra undervegs. Det er mogeleg å starte utfyllinga, for så å fortsette frå same datamaskin ved eit seinare tidspunkt.
- Dersom ein vil arbeide vidare med spørjeskjemaet på ein annan datamaskin kan ein nytte knappen «lagre utkast» nedst på skjemaet. Ei lenkje vert tilsendt som ein kan nytte på ein annan datamaskin.
- Det er mogeleg å vidaresende spørjeskjemaet slik at nokon andre kan fullføre utfyllinga. Ein kan bruke knappen «videresend» nedst i skjemaet. Denne knappen vert først aktiv når ein har avgitt minst eitt svar.

Med helsing

Eva Bendiksen
seniorrådgjevar

Andreas Stenersen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.